

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
036/2014	Formannskapet i Radøy	PS	15.05.2014
024/2014	Kommunestyret i Radøy	PS	12.06.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Johan B Sandal	14/853	14/2977

### Krisesenteravtale med Bergen Kommune

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner at Radøy kommune v/rådmannen held fram administrativt vertskommunesamarbeid i samsvar med «Samarbeidsavtale, kommunelova §§ 28-1a og 28-1b, jamfør § 28-1e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommunar, om krisesentertilbud i samsvar med lov av 19. juni 2009 nr 44 om kommunale krisesentertilbud.

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Rådmannen viser til kommunestyret 25.10.2011 (043/11) om etablering av samarbeidsavtale mellom Bergen kommune (vertskommune) og kommunar i Hordaland vedkomande krisesentertilbud. Ein viser og til gjeldande lovkrav - jamfør Lov om kommunale krisesentertilbud.

Bergen kommune har fatta vedtak om å etablere ny og oppdatert samarbeidsavtale - jamfør vedlegg. Nemnde samarbeidsavtale frå 2011 er i hovudsak justert grunna at fleire kommunar i Hordaland sluttar seg til avtalen. Føresetnadane for at Radøy kommune slutta seg til samarbeidsavtalen frå 2011 er ikkje endra.

##### Vurdering

Rådmannen vurderer at det er føremålstenleg at Radøy kommune vidarefører samarbeidsavtale om krisesentertilbud slik den ligg føre. Kommunen delegerer dei oppgåver og mynde som er naudsynt for at Bergen kommune skal kunne ta på seg ansvar som vertskommune.

Radøy kommune har uavhengig samarbeidsavtale ansvar etter Lov om kommunale krisesentertilbud. Dette gjeld mellom anna å sikre vurdering av naudsynte supplerande lokale tiltak.

##### Økonomi

Radøy kommune vidarefører økonomisk ansvar - jamfør samarbeidsavtale frå 2011, og ny avtale punkt e) fastset økonomisk oppgjer for perioden frametter.

Den enkelte deltakarkommune sin del av utgiftene skal tilsvare den respektive kommune sin del av sum av rammetilskotet til deltakarkommunane. Dette grunnlaget framgår av berekningsteknisk dokumentasjon til Prop.1 Statsbudsjettet, tabell 1 Rammetilskot til kommunane, Hordaland.

For åra 2014, 2015 og 2016 blir det nytta rammetilskot til kommunane 2014 som grunnlag for berekning av kommunen sin andel.

For åra 2017, 2018 og 2019 blir det nytta rammetilskot til kommunane 2017 som grunnlag for berekning av kommunen sin andel.

### **Konklusjon**

Radøy kommune sluttar seg til samarbeidsavtale om krisesentertilbod slik den ligg føre

### **Formannskapet i Radøy - 036/2014**

#### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

#### **FS - vedtak:**

Formannskapet godkjenner at Radøy kommune v/rådmannen held fram administrativt vertskommunesamarbeid i samsvar med «Samarbeidsavtale, kommunelova §§ 28-1a og 28-1b, jamfør § 28-1e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommunar, om krisesentertilbod i samsvar med lov av 19. juni 2009 nr 44 om kommunale krisesentertilbod.

### **Kommunestyret i Radøy - 024/2014**

#### **KS - handsaming:**

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapetstilrådinga.

#### **KS - vedtak:**

Formannskapet godkjenner at Radøy kommune v/rådmannen held fram administrativt vertskommunesamarbeid i samsvar med «Samarbeidsavtale, kommunelova §§ 28-1a og 28-1b, jamfør § 28-1e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommunar, om krisesentertilbod i samsvar med lov av 19. juni 2009 nr 44 om kommunale krisesentertilbod.